



# Pressemelding

## STATSMINISTERENS KONTOR

Statssekretær Øystein Singaas  
Informasjonssjef Øivind Østang  
Postboks 8001 Dep, 0030 OSLO

Telefon ktr.: 22 34 40 06  
Telefon ktr.: 22 34 40 37  
Telefaks: 22 34 95 00

Telefon priv. : 22 28 68 80  
Telefon priv. : 22 22 28 01

**SPERREFRIST: Ingen**

**DATO: 11. august 1994**

**PRIV. TIL RED.:  
STATSMINISTEREN  
VITJAR MÅLØY**

Statsministeren vil mandag 15. og tysdag 16. august vitje Måløy i Sogn og Fjordane, for å tale på folkemøte om EU-spørsmålet og sjå nærare på fiskeindustrien i området. Pressekontakt under opphaldet er statssekretær Øystein Singaas. I Måløy bur følgjet på Linge Hotell, telefon 57 85 18 00.

Mandag 15. august kjem statsministeren til Måløy i løpet av ettermiddagen. Kl. 19.00 talar ho på folkemøte i Turnhallen, og svarar på spørsmål frå salen.

Tysdag 16. august kl. 09.45 vitjar statsministeren eit oppdrettsanlegg på Verpeide. Det vert sett opp pressebuss frå Linge Hotell kl. 09.30, med retur etterpå. Kl. 11.30 vitjar statsministeren Skaarfisk-anlegget i Måløy, der ho møter leiinga, dei tilsette og grunnleggjaren, Jon Skaar. Det vert servert lunsj der òg pressa er velkomen. Kl. 15.00 kjem statsministeren til Sentrumsparken i Måløy, der det er musikk og grillmat, for å treffe folk. Mellom andre vil ho møte ein ungdomsskuleklasse. Statsministeren dreg attende til Oslo tysdag ettermiddag.

Lokal pressekontakt i Måløy er Laila Schult, Vågsøy Arbeidarparti, telefon 57 85 12 94. Det vert oppretta pressesenter i Studiesenteret i Sparebankbygget. Kontaktperson der er Turid Breidalen, telefon 58 85 07 53.